

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Bygdin Høifieldshotel
Dato: 06.09.2019
Tidspunkt: 11:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til underteikna – e-post eller mobil 948 80 564.
Vararepresentantar møter etter nærare varsel.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 32/2019	Godkjenning av dagsorden og innkalling		
ST 33/2019	Referatsaker		
RS	Hydro Energi AS-Melding av oppstart av arbeid på dam Kyrkjevatn i Årdal kommune		2019/14383
RS	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Brukarundersøking 2019 - Orientering		2019/10811
RS	Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene		2019/14740
RS	Antenne ved Gjende - melding om justert plassering		2019/13508
RS	Bruk av el-sykkel i verneområder		2019/4527
ST 34/2019	Delegerte vedtak		
10/2019	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Helikopterfrakt av bru over Vesleåi ved Langedalen - DNT Oslo og Omegn		2019/13275
11/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for dokumentasjon av brearkeologiske funn - Oppland fylkeskommune		2019/13978
12/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport av funksjonshemma til Glitterheim med varetransport - Glitterheim Turisthytte		2019/14384
13/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming til kunstutstilling Oppdagelsen av Jotunfjeldene - Hanne Åmli		2019/10422
14/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Motorferdsel i samband med opprusting og tilbygg til kraftstasjon - Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Sveine		2019/8903
15/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for dokumentasjonsfoto - Glitterheim Turisthytte		2019/13510
16/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Landing med Helikopter - Undersøking av landets vassressursar - NIVA		2019/12514

17/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO -Motorferdsel - 2019 - Transport i samband med revurdering av dammen i Gravdalen - Hydro Energi AS	2019/15619
ST 35/2019	Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Motorferdsel og konsertarrangement - Glitterheim Turisthytte	2019/14799
ST 36/2019	Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene og forholdet til nasjonalparkstyra	2019/14740
ST 37/2019	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til revisjon av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel m.m.	2019/16144
ST 38/2019	Eventuelt	

ST 32/2019 Godkjenning av dagsorden og innkalling

ST 33/2019 Referatsaker

**Hydro Energi AS-Melding av oppstart av arbeid på dam
Kyrkjevattn i Årdal kommune
2019/14383**

**Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen
landskapsvernområde - Brukarundersøking 2019 -
Orientering
2019/10811**

**Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene
2019/14740**

**Antenne ved Gjende - melding om justert plassering
2019/13508**

**Bruk av el-sykkel i verneområder
2019/4527**

ST 34/2019 Delegerte vedtak

10/2019 Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Helikopterfrakt av bru over Vesleåi ved Langedalen - DNT Oslo og Omegn 2019/13275

11/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for dokumentasjon av brearkeologiske funn - Oppland fylkeskommune 2019/13978

12/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport av funksjonshemma til Glitterheim med varetransport - Glitterheim Turisthytte 2019/14384

13/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for filming til kunstutstilling Oppdagelsen av jotunfjeldene - Hanne Åmli 2019/10422

14/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Motorferdsel i samband med opprusting og tilbygg til kraftstasjon - Memurubu Turisthytte v/ Kjetil Sveine 2019/8903

15/2019 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for dokumentasjonsfoto - Glitterheim Turisthytte 2019/13510

16/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Landing med Helikopter - Undersøking av landets vassressursar - NIVA 2019/12514

17/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen NP og Utladalen LVO - Motorferdsel - 2019 - Transport i samband med revurdering av dammen i Gravdalen - Hydro Energi AS 2019/15619

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2019/14799-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	18.07.2019
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	35/2019	06.09.2019

Jotunheimen Nasjonalpark - Dispensasjon - 2020 - Motorferdsel og konsertarrangement - Glitterheim Turisthytte

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, får Glitterheim Turisthytte dispensasjon for transport og gjennomføring av konsertarrangement med Åsmund Nordstoga helga 10.-12. juli 2020

I samband med arrangementet blir det også gjeve dispensasjon for ekstra transport på strekninga frå bommen i Veodalen til Glitterheim.

Dispensasjonen omfattar følgjande tiltak:

- Nødvendig køyring for frakt av utstyr og musikarar, frå bommen i Veodalen til Glitterheim og retur, i samband med konsert søndag 12. juli 2020.
- Nødvendig transport av sykklar ut over den daglege transporten av varer/utstyr som ligg inne i det ordinære driftsløyvet for DNT / Glitterheim, for å få god fordeling av syklane i samband med auka bruk knytt til konsertarrangementet helga 10.-12. juli 2020.
- Transport av funksjonshemma personar som ikkje er i stand til å gå eller sykle strekninga frå bommen ved eige hjelp, som kan samordnast med transport av sykklar/varer.
- Transport av sykklar og utstyr som blir utført av vertskapet på Glitterheim skal i størst mogleg grad samordnast med ordinær driftsmessig varetransport til Glitterheim, i tråd med det fleirårig driftsløyvet.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- E-post av 02.07.19 frå Glitterheim v/ Knut og Tone Vole
- Førebels uttale frå Lom fjellstyre ved fjelloppsynet
- Sak AU-17/2016 - *Jotunheimen Nasjonalpark - Transport etter Glitterheimvegen i samband med konsertarrangement*

Saksopplysningar

Glitterheim Turisthytte har søkt om dispensasjon for konsertarrangement i 2020:

«Vi driver å planlegger ny konsert i Glitterheim, 12 juli 2020 med Odd Nordstoga og band. Vi ynskjer samme type arrangementsform som da vi hadde Vamp i Glitterheim. Vi er heilt i startgropa av planene men slik vi ser for oss så ynskjer vi å arrangere ein felles tur til Glittertind laurdag 11 juli. Linda Eide og Eilev Hellekveen

skal da saman med Odd Nordstoga vere turledere og spela nokre melodiar på toppen av Glittertind. Søndag blir det vanleg konsert på samme sted som sist, på oversida av Glitterheim.

Vi ynskjer fyrst og fremst å søkja styret for Jotunheimen nasjonalpark om å få til dette. Arrangementsstørrelse og publikumsmasse håper vi vil vere omtrent som sist, da det var i overkant av 600 personer på arrangementet. Rydde og vaktjengen fra forrige gang er klare for nye oppdrag. Vi hadde også eit godt samarbeid med fjellstyre, SNO og nasjonalparkforvalter som vi ynskjer å ha også i 2020. Det var både fint og opplysende til deltakarar på konserten, og var med på å skape den ramma vi ynskjer - for ein slik konsert.»

For å få booka det inn i konsertprogrammet for 2020 er det ønskeleg med ei rask avklaring.

Det blir i søknaden vist til same opplegg som ved tidlegare arrangement av utekonsert, med gruppa Vamp ved Glitterheim i juli 2017, der det vart gjort slik greie for praktisk organisering: «Vamp har egen bil med scene og aggregat for strøm, de må da kjøre inn to biler for å få scene og lyd. Vi tenkte å plassere scena ved Rupreiret, dvs selvetjeningshytta på berget ved Glitterheim. Tribuna blir da bakken innover mot Steinbuvatnet. Det trengs lite tilrettelegging. Det er merkebånd og staver til å henge dette på. Vi håper på en del folk sjølv sagt, så det vil bli litt ekstra trengsel på p-plass osv. Og vi må ha mye folk til å vere med å organisere konserten.

- - -

Alle gjester må gå eller sykle inn til Glitterheim, på vanleg måte. Kommer det mye folk kan det vere aktuelt å kjøre sykler med bil, for å få nok antall sykler fra bommen og inn – og det samme når de skal ut igjen. Vi ser for oss at det er eneste som kan gjøre at det blir mer trafikk på vegen. Det er ellers ei roleg tid, så det vil vere få “vanlige” turgåere i området denne tida.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Verneformål – forskrift

Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark, revidert 14.11.14 set generelt forbod mot motorferdsel. Ekstra transport i samband med kulturarrangement er ikkje nemnt som eige formål i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3. Den må derfor behandlast etter den generelle heimelen i § 4, som nå er avløyst av § 48 i naturmangfaldlova:

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. - - -»

Nasjonalparkstyret kan vurdere å gje dispensasjon etter § 48 første ledd for tiltak eller aktivitet som ikkje «strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Det at vilkåra er oppfylt gjev ikkje noko krav på dispensasjon. Dette er ein «kan-paragraf», og det må gjennomførast ei konkret og skjønnsmessig vurdering av om fordelane er klart større enn ulempene. Mellom anna må omfang, miljøverknad og nytteverdi av tiltaket vektleggjast.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008) – føringar for arrangement:
«Arrangement er viktige både fordi dei trekkjer friluftinteresserte folk til området, gjev god økonomi i reiselivet og kommunane, profilerer natur og verneområda, og er god marknadsføring av verneområda. - - -

Retningslinjer:

Omfanget av arrangement (medrekna eventuell motorferdsel) må ikkje gå utover verneverdiar og verneformål og kome i konflikt med tradisjonelt friluftsliv.»

Planutkastet har følgjande føringar for transport etter Glitterheimvegen:

«Glitterheimvegen, som har endepunkt ved Glitterheim turisthytte omlag 7 km inn i nasjonalparken, kjem i ei særstilling her. Det har vore og vil framleis bli ført ei restriktiv linje for motorisert ferdsel på vegen. Praksis fram til i dag har vore at det i tillegg til naudsynt transport i samband med sjølve drifta av turisthytta og er gjeve løyve til transport av funksjonshemma med følgje som inngår i ei skuleklasse e.l. Transport har då vore einaste måten for å kunne delta på turen. Denne praksisen vil framleis bli følgd.»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter Naturmangfaldlova (nml) § 48 og etter det miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12.

Presedens

Større arrangement som t.d. konsertar bør i hovudsak leggjast utanfor verneområdet. I område med etablert infrastruktur som vegsamband eller etablert rutebåttransport ligg det til rette for enklare arrangement, som ikkje krev nye tekniske innretningar eller verkar inn på terreng og verneverdiar. Glitterheim og bedriftene ved Gjende og nede i Utladalen er dei einaste med ein etablert infrastruktur som gjer det mogleg å få til denne typen arrangement. Dette vil ikkje skape presedens i høve til andre område, som ikkje har denne grunnleggjande infrastrukturen.

Vurdering

Opplegget med å bruke transportabel scene gjer at ein ikkje treng konstruksjonar eller tilrettelegging i terrenget. Området har naturleg helling og robust vegetasjon, slik at ein ikkje vil få varige spor etter arrangementet. Konserten vil trekkje folk til området på ei tid av året med relativt liten trafikk, og såleis vera eit verdifullt bidrag til verdiskaping for reiselivet. Forvaltninga og SNO kan om ønskjeleg nytte seg av høvet til å informere om nasjonalparken om omsyn til verneverdiar.

Belastning på naturmiljøet er i form av motorferdsel, men ein tur opp og ned med nokre større kjørety i tillegg til den ordinære varetransporten knytt til drifta av Glitterheim har liten verknad overfor andre brukarinteresser. I tillegg trengst noko ekstra transport i regi av turisthytta for best mogleg fordeling av sykklar. Det er ikkje søkt om persontransport av andre enn bandet, men erfaringsvis vil ein til eit slik arrangement lett få spørsmål om funksjonshemma personar kan få skyss for å kunne vera med familie eller venner til ei felles oppleving. Dette kan reknast å vera i tråd med etablert praksis om at det i tillegg til naudsynt transport i samband med sjølve drifta av turisthytta også er gjeve løyve til transport av funksjonshemma med følgje som inngår i ei skuleklasse e.l. Dersom slike behov er varsla på førehand, synest det å vera uproblematisk å leggje til rette for ein samordna transport av funksjonshemma når vertskapet på Glitterheim likevel må kjøre eit par ekstra turar for best mogleg fordeling av leigesyklane.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8): Transporten skjer etter opparbeidd bilveg, og rører ikkje ved naturmangfaldet. Arrangementet krev ikkje særskild tilrettelegging av ein konsertarena, og det er robust vegetasjon som ikkje blir påverka av ein del ferdsel ut i terrenget ein enkelt dag.

Føre-var prinsippet (§ 9) og Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10):

Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Etablert forvaltningspraksis er å gje løyve ved særskilde høve, der samla fordelar er vurdert å vera større enn ulempene. Bilane gjev moderat støy ei avgrensa periode, men dette blir vurdert som eit akseptabelt tillegg til ordinær driftstransport. Arrangementet vert vurdert å bidra til verdiskaping som vil forsvare ein dispensasjon. §§ 11 og 12 om kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode blir vurdert som ikkje relevante spørsmål.

Konklusjon:

Nokre få ekstra kjøreturar etter eksisterande bilveg vil ikkje gå ut over verneverdiar i området, og eit enkeltståande arrangement som denne konserten vil kunne bidra til lokal verdiskaping. Avgrensa motorferdsel knytt til eit godt planlagt arrangement blir vurdert som akseptabel sett i høve til nytteverdien.

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2019/14740-2	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	15.08.2019
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2019	06.09.2019

Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene og forholdet til nasjonalparkstyra

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen foreslår at det blir teke inn følgjande tillegg i pkt. 6.3 i Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyre:

«Ved vakanse i mer enn tre måneder i en forvalterstilling, skal Fylkesmannen kalle inn til møte med styret/styrelederen for å lage en plan for hvordan arbeidsoppgavene i sekretariatet skal løses under fraværet. Lønnsmidler som er bevilget til forvalterstillingene kan ikke omdisponeres innen Fylkesmannens eget driftsbudsjett uten at styret først har fått en tilfredsstillende løsning på hvordan arbeidsoppgavene i sekretariatet skal løses inntil forvalter er tilbake i arbeid. Ved vakanse i stilling ut over tre måneder skal styret kunne disponere ledige lønnsmidlene som går ut over disse tre månedene til tjenestekjøp for å løse konkrete oppgaver i verneområdeforvaltninga. Det vises her til «Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene», der bl.a. følgende satsingsområder kan styrkes ved tjenestekjøp:

- kartlegging og overvåking for å få nødvendig kunnskap om tilstand og utvikling
- videreføre arbeidet med å lage skjøtsels- og forvaltningsplaner
- prioritere konkrete skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområdene
- sikre at informasjon om og profilering av nasjonalparker og andre verneområder holder høy kvalitet, følger kriteriene for merkevaren Norges nasjonalparker, og er i tråd med det enkelte verneområdes besøksstrategi
- legge til rette for at det utarbeides besøksstrategier for alle nasjonalparker innen 2020
- bidra til verdiskaping gjennom etablering av gode helhetlige opplevelser i samarbeid med omkringliggende kommuner, spesielt i nasjonalparkkommuner.»

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg elles til innhaldet i vedlagt utkast til brev, for å setja søkelys på korleis samarbeidet og dialogen mellom nasjonalparkstyret og Fylkesmannen som formell arbeidsgjevar for forvaltarane bør vera.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a26049eec1374dceabd1741a1dcca6be/t-1566b.pdf>

Saksopplysningar

Det er vedteke ein handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda. Bakgrunnen for ein slik plan er mellom anna: «Regjeringen vil sikre naturmangfoldet og livsgrunnlaget for

kommende generasjoner, slik at vi overlater naturen og miljøet vårt i minst like god stand som vi overtok det fra våre forfedre. Regjeringen vil som en del av dette sikre et representativt utvalg av norsk natur. En god forvaltning av verneområder er viktig i denne sammenheng. Regjeringen vil derfor bedre forvaltningen av eksisterende verneområder.»

Som eit ledd i dette står mellom anna dette på KLD si nettside:

«For å bedre forvaltningen av verneområdene legger regjeringen i denne handlingsplanen blant annet opp til å styrke forvaltning av verneområdene ved å ansette flere nasjonalpark- og verneområdeforvaltere»

Samstundes opplever Nasjonalparkstyret v/ sekretariatet ein motsatt situasjon, ved at ei ledig forvaltarstilling blir ståande vakant over ein svært lang periode, til trass for gjentatte forsøk på å få arbeidsgjevar (Fylkesmannen i Vestland) til å følgje opp arbeidet med å skaffe vikar.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Formålet med vedtektene gjev tydelege føringar for styret sitt ansvar:

1. VEDTEKTENES FORMÅL

Formålet med disse vedtektene er å legge til rette for en helhetlig og kunnskapsbasert forvaltning av de verneområder styret har ansvar for.

Vedtektene skal sørge for at nasjonalparkstyret skal kunne oppfylle formålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelser.

Vedtektene pkt. 6.3 understrekar plikta til å ha dialog med styret i samband med permisjonar og andre langtidsfråver:

6.3 Fylkesmannens rolle i forhold til forvalter

Ved søknader om permisjon, langtidsfravær, eller der forvalter varsler om fratredelse fra sin stilling, skal fylkesmannen i dialog med styret komme til enighet om hvordan forvalters arbeidsoppgaver skal løses inntil forvalter er tilbake, eller ny forvalter er ansatt.

Vurdering

Nasjonalparkstyret har i medhald av styrevedtektene det formelle ansvaret for ei effektiv og fagleg forsvarleg forvaltning av verneområda, der styret har fått delegert ansvaret frå miljødirektoratet. Styret disponerer arbeidstida til forvaltar, medan det formelle arbeidsgjevaransvaret er lagt til eit fylkesmannsembete. Denne ordninga har i stor grad fungert godt sidan styret vart oppretta og det vart tilsett forvaltarar. Men sidan oktober 2018 har bemanninga vore halvert, utan at Fylkesmannen i Vestland har prioritert arbeidet med rekruttering av vikar for forvaltaren som er ute i eitt års permisjon.

Dette skjer samtidig med at ein har ekstra oppgåver i samband med brukarundersøking og behandling av to ekstra store saker knytt til søknader om konsesjon for mini-/mikrokraftverk for turisthyttene i Memurubu og på Skogadalsbøen.

Styret har framleis ansvaret for arbeidet som skal gjerast, men det har vist seg at styret ikkje har nokon innverknad på korleis den løyvde stillingsressursen blir forvalta når det oppstår vakanse i ei stilling. Dette er grunnlaget for at ein ser behov for å foreslå tydelegare retningslinjer for korleis midlane til nasjonalparkforvaltninga skal forvaltast.



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar Kari Sveen

Vår ref. 2019/14740-3 432.0

Dykkar ref.

Dato xx.xx.2019

Handlingsplan for styrka forvaltning av verneområda - Om Nasjonalparkstyret og forholdet til Fylkesmannen

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til nyleg utsendt *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*, og set pris på at Regjeringa set fokus på dette viktige arbeidet. For å få mest mogleg ut av ressursane som blir løyvd til nasjonalparkforvaltninga er det viktig at alle som har ei rolle knytt til forvaltninga av nasjonalparkmidlane bidrar til å gjera nasjonalparkstyret i stand til å ivareta sitt oppdrag som følgjer av formålet i styrevedtektene:

1. VEDTEKTENES FORMÅL

Formålet med disse vedtektene er å legge til rette for en helhetlig og kunnskapsbasert forvaltning av de verneområder styret har ansvar for. Vedtektene skal sørge for at nasjonalparkstyret skal kunne oppfylle formålet med vernet i tråd med nasjonale mål og internasjonale forpliktelser.

Jotunheimen har heilt frå da ordninga med lokal forvaltning vart sett i verk hatt tilgang til forvaltarstillingar. Midlar til stillingane vert løyvd over statsbudsjettet, og vedtektene legg til grunn at det formelle arbeidsgjevaransvaret for forvaltarane skal ligge hos Fylkesmannen, jf. pkt. 6: «*Sekretariatet for nasjonalparkstyret består av en eller flere nasjonalparkforvalter(e) som ansettes av Fylkesmannen i Oppland og i dialog med styret. Fylkesmannen i Oppland har personalansvaret for nasjonalparkforvalteren(e).*» Etter initiativ frå styreleiaren vart personalansvaret for stillinga med kontorstad Gaupne flytta til Fylkesmannen i Vestland frå 01.01.2019, i samband med at det skulle tilsetjast ny forvaltar etter Snøtun som slutta i oktober 2018. Denne endringa vart vurdert å ha lita praktisk betydning, men erfaringane så langt har vist at ordninga med delt ansvar for sekretariatet mellom to fylkesmannsembete ikkje har fungert tilfredsstillande.

Av praktiske grunnar blir alle saker journalført i eitt embete (Innlandet), og arbeidsoppgåvene blir fordelte mellom dei to forvaltarane. Men i heile 2019 har det ikkje vore nokon på vestsida å fordele oppgåver til, og arbeidet med rekruttering synest ikkje å ha høg prioritet hos Fylkesmannen i Vestland. Sjølv med streng prioritering av oppgåver er det ein svært utfordrande arbeidssituasjon for den gjenverande forvaltaren, nå når sekretariatet er halvert. Alle tilsette har krav på minimum tre vekers samanhengande sommarferie, men det er ikkje tilfredsstillande å avvise publikum i ein ein nasjonalpark med så mange besøkande som i Jotunheimen. Styret og forvaltarane har heile tida vore opptekne av å yte god service og gje

rask behandling i saker som hastar, og vi har ikkje ønskt å halde «sommarstengt» i tre heile veker. Dette har medført fleire avbrekk i ferien til forvaltaren som er att. Ifølgje pkt. 6.2 i vedtektene så er det styret som «*disponerer forvalters arbeidstid*». Dette har tidlegare fungert i tråd med intensjonen i vedtektene, men i 2019 har det vist seg at styret har liten eller ingen medverknad i høve til å få stilt nødvendig arbeidskraft til disposisjon etter at det vart langvarig vakanse i stillinga på vestsida. Ny forvaltar i vest vart tilsett i desember 2018, men sidan ho skulle ut i barselpermisjon i april vart det bestemt at ho ikkje skulle tiltre stillinga før etter permisjonen. Det var svært mange sterke kandidatar bak henne på søkjarlista, så ein skulle tru at det ville vera mogleg å rekruttere vikar til ei såpass attraktiv stilling som forvaltar i Jotunheimen når vikarperioden i utgangspunktet ville strekke seg over meir enn eitt år. Men til trass for fleire forsøk på å formidle behovet for snarleg tilsetning av vikar pga særleg store oppgåver som brukarundersøking og behandling av krevjande vassdragssaker i 2019, har lite eller ingenting skjedd. Styret finn det svært beklageleg at Fylkesmannen i Vestland ikkje fylgjer opp arbeidsgjevarrolla i tråd med vedtektenes pkt. 6.3:

6.3 Fylkesmannens rolle i forhold til forvalter

Ved søknader om permisjon, langtidsfravær, eller der forvalter varsler om fratredelse fra sin stilling, skal fylkesmannen i dialog med styret komme til enighet om hvordan forvalters arbeidsoppgaver skal løses inntil forvalter er tilbake, eller ny forvalter er ansatt.

Det er ikkje teke initiativ til noka slik drøfting med styret, og når forvaltar på austsida har varsla behov for bistand, har det vore liten respons ut over å fortelja at ein jobbar med å få på plass ein vikar. Spørsmålet er også teke opp med næraste overordna hos Fylkesmannen i Innlandet, som har formidla behovet vidare til leiar hos Fylkesmannen i Vestland, utan at dette har resultert i ei konkret betring av situasjonen. Når rekrutteringsarbeidet tek så lang tid, må ein forvente ein betre dialog og medverknad for å bistå med arbeidsoppgåver. Styret bør også konsulterast før dei løyvde ressursane til nasjonalparkforvaltarstilling blir omdisponerte inn i Fylkesmannen sitt eige budsjett. Også andre område enn Jotunheimen har opplevd svært lange rekrutteringsprosessar og vakanse i forvaltarstillingane.

På bakgrunn av erfaringane vi har hatt i 2019, vil Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen foreslår at vedtektene pkt. 6.3 får følgjande tillegg:

«Ved vakanse i mer enn tre måneder i en forvaltarstilling, skal Fylkesmannen kalle inn til møte med styret/styrelederen for å lage en plan for hvordan arbeidsoppgavene i sekretariatet skal løses under fraværet. Lønnsmidler som er bevilget til forvalterstillingene kan ikke omdisponeres innen Fylkesmannens eget driftsbudsjett uten at styret først har fått en tilfredsstillende løsning på hvordan arbeidsoppgavene i sekretariatet skal løses inntil forvalter er tilbake i arbeid. Ved vakanse i stilling ut over tre måneder skal styret kunne disponere ledige lønnsmidlene som går ut over disse tre månedene til tjenestekjøp for å løse konkrete oppgaver i verneområdeforvaltninga. Det vises her til «Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene», der bl.a. følgende satsingsområder kan styrkes ved tjenestekjøp:

- kartlegging og overvåking for å få nødvendig kunnskap om tilstand og utvikling
- videreføre arbeidet med å lage skjøtsels- og forvaltningsplaner
- prioritere konkrete skjøtsels- og tilretteleggingstiltak i verneområdene
- sikre at informasjon om og profilering av nasjonalparker og andre verneområder holder høy kvalitet, følger kriteriene for merkevaren Norges nasjonalparker, og er i tråd med det enkelte verneområdes besøksstrategi
- legge til rette for at det utarbeides besøksstrategier for alle nasjonalparker innen 2020
- bidra til verdiskaping gjennom etablering av gode helhetlige opplevelser i samarbeid med omkringliggende kommuner, spesielt i nasjonalparkkommuner.»

Etter å ha levd med halvert bemanning i sekretariatet heile 2019, finn nasjonalparkstyret det nødvendig å få inn ei slik presisering, da den langdryge prosessen med rekruttering har

medført at Jotunheimen vil miste nesten heile årsverket som er løyvd til forvaltarstillinga hos Fylkesmannen i Vestland i år. Dette årsverket skulle vore brukt til arbeidet med revisjon av forvaltningsplan og besøksstrategi, til auka kunnskap for betre forvaltning av verneverdiane, og til informasjon og verdiskaping i samarbeid med næringsdrivande i og ved verneområdet.

Som ansvarlege for ei god og målretta forvaltning av eit stort verneområde, forventar nasjonalparkstyret at vi også får tilgang til dei ressursane som blir løyvd til dette formålet. Vi viser til handlingsplanen, som understrekar følgjande: *«I tillegg til ressurser til tiltak, er tilstrekkelig kapasitet i forvaltningen, og at det er kapasitet til å gjennomføre de konkrete tiltakene ute i felt, nødvending for en god forvaltning av verneområdene.»*

Med helsing

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Ivar Kvalen
Leiar

Iselin Vistekleiven
Nestleiar

Bjarne Eiof Holø
Styremedlem

Sandra Opheim
Styremedlem

Leif Solemsli
Styremedlem

Aleksander Øren Heen
Styremedlem

Kjersti Bjørnstad
Styremedlem

Kopi til:

Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Fylkesmannen i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Fylkesmannen i Vestland			

Saksframlegg

Arkivsaksnummer:	2019/16144-1	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	27.08.2019
------------------	--------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	37/2019	06.09.2019

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Innspel til revisjon av verneforskriftene når det gjeld el-sykkel m.m.

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen ber sekretariatet om gå gjennom verneforskriftene og formulere forslag til endringar når det gjeld følgjande spørsmål:

- A) Bruk av el-sykkel på vegane til Glitterheim og Vetti og etter Koldedalsvegen og anleggsvegen i Gravdalen. Styret sluttar seg til oppmodinga frå Dovrefjell nasjonalparkstyre når det gjeld å få fortgang i ei harmonisering av regelverket for sykling.
- B) Samstundes bør ein sjå på reglane knytt til vassdragsanlegga i Jotunheimen NP og Utladalen LVO, der verneforskriftene gjev eit generelt unntak for drift/ vedlikehald og oppgradering/fornyng av energi- og kraftanlegg, medan den nødvendige motorferdsla knytt til desse operasjonane krev eiga søknadsbehandling. Dette synest å vera ein utilsikta effekt, og bør få ein fagleg gjennomgang. Ved akutte utfall er det heller ikkje tid til søknad om enkeltløyve, slik at det uansett må gjevast eit ståande motorferdselløyve som gjeld slike tilfelle. Det hadde derfor vore ryddigare å ha eit generelt unntak for dette, som samsvarer med det generelle unntaket for gjennomføringa av fysiske tiltak på anlegga.
- C) Forskriftene bør også korrigerast språkleg, slik at heile forskriftene kjem i same målform. Etter siste revisjon i 2014 vart enkelte paragrafar skrivne på bokmål, medan hovuddelen av forskriftene er på nynorsk.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde
- Brev av 14.05.2019 – frå Miljødirektoratet – Bruk av el-sykkel i verneområde
- Brev av 27.06.2019 frå Dovrefjell nasjonalparkstyre - *Sykling og bruk av el-sykkel på Snøheimvegen og Vålåsjøhøvegen*

Saksopplysningar

El-sykkel: Det er gjeve eit gjenerelt unntak frå motorferdselforbodet for bruk av el-sykkel utanfor verneområde, men opphevinga omfattar ikkje areal innan verneområda, da el-sykkel formelt sett er rekna som motorferdsel. Dette skaper frustrasjon blant brukarane, og informasjonen om skilnadene er vanskelege å formidle på ein god måte.

Motorferdsel knytt til kraftanlegg: Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen vart reviderte i 2014, men ved bruk av forskriftene ser ein enkelte eksempel på manglande samsvar mellom tiltak som naturleg høyrer saman når det gjeld energi- og kraftanlegg.

Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14

har følgjande generelle unntak for tiltak knytt til kraftanlegg:

g) *Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og nødvendig istandsetting ved akutt utfall*

h) *Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneformålet.*

For motorferdsel gjeld derimot søknadsplikt i medhald av § 3 pkt. 6.3 q) som opnar for at forvaltningsstyresmakta gje løyve til: «*Motorferdsel på vinterføre, på vegen i Gravidalen eller med luftfartøy i samband med tilsyn og vedlikehald av Tyin kraftverk.*»

Verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde av 14.11.14

har følgjande generelle unntak for tiltak knytt til kraftanlegg:

f) *Vedlikehald av Gravidalsvegen, Koldedalsvegen og Vettisvegen mellom Skori og Vetti.*

g) *Drift og vedlikehald av eksisterande energi- og kraftanlegg og naudsynt istandsetting ved akutt utfall*

h) *Oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer for heving av spenningsnivå og auking av linjetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneformålet.*

For motorferdsel gjeld derimot søknadsplikt i medhald av § 3 pkt. 6.3 som opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

l) *Motorferdsel på Gravidalsvegen og Vettisvegen i andre høve enn nemnt i pkt. 6.2 g) og h)*

m) *Motorferdsel på vinterføre, på vegane i Gravidalen og Koldedalen eller med luftfartøy, i samband med tilsyn og vedlikehald Tyin kraftverk.*

o) *Motorferdsel i samband med oppgradering/fornyng av kraftanlegg og kraftlinjer.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 har vore brukt som rettleiande dokument inntil revidert plan ligg føre, og kap. 8.15.6 *Motorferdsel på vegar* viser at dei utarbeidde forskriftsframlegga som planutkastet bygger på, hadde som intensjon at Hydro skulle kunne nytte motoriserte køyretøy på vegen i Gravidalen i samband med ettersyn av reguleringsanlegg. Men denne intensjonen er ikkje vidareført i dei endelege verneforskriftene som vart vedtekne ved kgl res. av 14.11.14.

Vurdering

El-sykkel

Forbodet mot bruk av el-sykkel i verneområde har vore vanskeleg å formidle til publikum, etter at el-sykkel vart likestilt med vanleg sykkel utanfor verneområda. Dette har skapt fleire presseoppslag, og Dovrefjell nasjonalparkstyre sende på bakgrunn av dette ei oppmoding til Miljødirektoratet og KLD om betre harmonisering av regelverket knytt til sykling på vegar. <http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Dovrefjell%20dok/Sakspapir/2019-06-27%20brev%20DNPS%20til%20MDIR-KLD.pdf> Liknande innspel kan vera aktuelt for andre. For Jotunheimen har det særleg vore vegen inn til Glitterheim som har skapt frustrasjonar, da sykkel/el-sykkel er einaste framkomstmiddel frå Randsverk for dei som ikkje har privatbil. I Randsverk/Sjodalenområdet er det også høve til å leige el-sykkel. Ved nasjonalparkgrensa må el-sykkelen parkerast, og skiftast ut med vanleg sykkel. Det er ikkje alle som opplever det som trygt å setja att ein el-sykkel der utan tilsyn, så ein del har nok med el-sykkelen heilt inn til turisthytta. Så lenge syklinga foregår etter opparbeidd veg, er det ingen konflikt med verneverdiane i dette området, og det hadde vore ønskjeleg med ei oppmjuking av regelverket for å kunne koma til dette området også for dei som ikkje har tilgang på privatbil. Folkevegen i Utladalen, Gravidalsvegen og inste del av Koldedalsvegen er også omfatta av el-sykkelforbodet, utan at det vil vera nokon særleg skilnad mellom bruk av vanleg sykkel og el-sykkel på desse vegstrekningane. Det kan derfor vera ønskjeleg å sjå nærare på forskriftene på desse punkta.

Det er ikkje ønskjeleg å foreslå eit generelt unntak for el-sykkel i heile verneområda, da spørsmålet om auka rekkevidde må få ei grundigare utgreiing før ein konkluderer. Når det gjeld dei opparbeidde vegane har ein derimot tilfredsstillande kunnskap til å kunne gå gjennom forskriftene og foreslå ei konkret oppmjuking.

Kraftanlegg

I dialog med Hydro Energi i sommar, kom det fram at Hydro Energi hadde oppfatta det slik at dei berre hadde varslingsplikt til SNO ved motorferdsel på Gravdalsvegen. Ved utsjekk av ordlyden i forskrifta ser ein at dei må søke om dispensasjon for motorferdsel, medan sjølve tiltaka og vedlikehald av vegen er omfatta av eit generelt unntak frå forbodet mot inngrep. Dette verkar lite logisk, da tiltaka ikkje kan gjennomførast utan bruk av motoriserte hjelpemiddel. Spørsmålet bør derfor drøftast med Miljødirektoratet for å få betre samsvar.

Andre detaljar

Det er også enkelte andre punkt i verneforskriftene som bør gjennomgåast.

Konklusjon

Det bør etablerast ein dialog med Miljødirektoratet og Fylkesmennene for å drøfte korleis ein konkret kan gå vidare med desse spørsmåla, da det ikkje er innan nasjonalparkstyret sitt mandat/ansvarområde å arbeide med vedtektsendringar.

ST 38/2019 Eventuelt